

ARBEIDSARK – ØVING 3.7

SANT ELLER USANT OM PUBERTETEN

Spørsmål

Alle barn kjem i puberteten på same tid.
Er det sant eller usant?

Svar

Usant. Det er ulikt frå person til person når ein kjem i puberteten.

Spørsmål

Dei første teikna på pubertet hos jenter er at brysta veks.

Svar

Sant. For mange jenter byrjar brysta å vekse når dei er kring 9–13 år.

Spørsmål

I puberteten opplever mange at humøret svingar mykje.

Svar

Sant. Humørsvingingar er heilt vanlege i puberteten.

Spørsmål

Når gutane kjem i stemmeskiftet, kan dei sjølve avgjere korleis dei skal høyраст ut.

Svar

Usant. At stemma kjem i stemmeskiftet, betyr at ho kan svinge mellom å høyраст lys og mørk ut. Ein kan ikkje sjølv avgjere når det skal skje.

Spørsmål

Alle veks meir i puberteten.

Svar

Sant. I puberteten byrjar alle å vekse fortare enn dei har gjort tidlegare.

Spørsmål

Gutar kjem i puberteten tidlegare enn jenter.

Svar

Usant. Dei fleste jenter kjem i puberteten litt tidlegare enn gutter, men det kan også vere gutter som startar puberteten tidlegare enn dei fleste jenter.

Spørsmål

Det er berre sveitten hos jenter som luktar i puberteten.

Svar

Usant. Sveitten til alle byrjar lukte i puberteten.

Spørsmål

Når ei jente har fått første menstruasjonen, kan ho bli gravid.

Svar

Usant. Når ei jente har fått menstruasjon første gongen, betyr det at ho kan bli gravid om ho ligg med ein gut utan at dei brukar preventsjon. Men eggloysing kjem før menstruasjon, og ei jente kan derfor bli gravid i månaden før første menstruasjonen.

Framhald på neste side ...